



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 09.03.2018
Vår ref.: 2018/7576-3
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Andreas Granli

Kulturmingefagleg fråsegn - søknad om midlertidig driftsveg gnr. 82 bnr. 6 Storheim - Oversending for uttale - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 09.02.18 i samband med bygging av landbruksvegar på gnr. 82 bnr 6 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at traseen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminal.

I samband med reguleringssplan for området Storheim – Austmarka, som gnr. 82 bnr. 6 var ein del av, blei det gjennomført arkeologsike registreringar i store delar av området. Det blei ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne på gnr. 82 bnr. 6. Vi ser derfor undersøkingsplikta jf. kulturminnelovas § 9, for oppfylt og har difor ingen merknad i saka. Vi minner likevel om at dersom det kjem fram funn under arbeid, som f.eks. gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune. Ved funn må alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert desse, slik granskning vil verta utført så raskt som råd, jf. kulturminnelovens § 8, andre ledd.

Vi har per i dag ikkje kjennskap til andre verneverdige kulturminne innafor det aktuelle området. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegane søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.